

Her er beskrive dei vanlegaste rutene til fjelltrim-postane. Spør kjentfolk om du likevel er usikker. Postane skal vere merka med ei raud fille. Vi vil minne om å vise omsyn ved parkering, ikkje gå over dyrka mark og hugse å late att grunder. GOD TRIMTUR!

1. Molladalen. ca.780 moh. 5 poeng. Start frå Melbøsætra, skilt der råsa startar, gå framover skogen, over Ædhaugen og gjennom Molladalsporten til siste høgda før Storevatnet, der posten ligg under ein stor stein. Ein luftig passasje i råsa er tilrettelagt med kjetting som handtak. Fin tur vidare over Molladalskaret, 980 moh, til Ytre Standal. Kan også gå til Molladalen via Fossen eller Steinstøylskaret.

2. Vollesætra. ca. 400 moh. 2 poeng. Råsa startar framom fremste husa på Vollane, til venstre for elva ved eit kværhus. Gå oppover skogen, kryss elva etter 2-300 m, fortsett til over granskogen, der posten ligg i ein gamal selmur.

3. Romestrandhornet / Festøykollen. 911 moh. 5 poeng. Fortsett frå Vollesætra, følg råsa nordover til Gamlestøylen og vidare til høgda mot myrane, der råsa dreiar nordover mot ryggen, forbi Litletua og Stortua til toppen. Posten ligg i varden. Flott utsikt.

4. Barstaddalen. ca. 570 moh. 3 poeng. Bomveg til Barstadsætra, der råsa går til venstre for Barstaddalselva oppover skogen, over skoggrensa og inn i dalen, der posten ligg i murane ved hytta. Fin tur å gå vidare over Barstadskaret, 690 moh, til Romedalen eller Høgebakken.

5. Rotneshytta. ca. 290 moh. 2 poeng. Gå frå Rotanaset og følg ein fin skogsveg til endes, nedanfor hytta, der posten ligg under ei helle. Fin utsikt.

6. Koppen. ca. 280 moh. 2 poeng. Start på Masdal, der du finn råsa til venstre for brua på riksvegen, først på traktorveg, så vidare oppover skogen, over tregrensa og inn i koppen nedanfor Masdalskloven. Posten ligg ved ein stor stein. Fin familietur.

7. Middagshornet, 1091 moh. 5 poeng. Gå til Barstadskaret via Barstaddalen eller Høgebakken. Ta sikte på nordvesteegga og gå opp mot ein markert rygg, nokre raude merke kan du finne, inga markert rås. Frå ryggen finn du ei godt synleg rås til toppen. Her er ein fantastisk utsikt! Kan få ein rundtur ved å fortsette fjellryggen mot Steinstøylsskaret, og gå vidare til Molladalen eller ned til Steinstøylen.

8. Hesteryggen. ca.550 moh. 2 poeng. Gå frå Høgebakken innover dalen mot Skjerva. Etter første markerte motbakken, ved ein stor stein dreiar du til venstre opp ein markert rygg, følg den heilt opp der posten ligg. Fin familietur.

9. Storhylla. 960 moh. 5 poeng. Dette er nabotoppen til Klovetinden, på andre sida av Masdalkloven. Beste vegen går frå Barsatdskaret over Trongegga og nordvestover fjellplataet til Storhylla. Posten ligg ved ein varde. Når snøen er smelta kan ein gå deifrå bratt ned i Masdalkloven (inga rås her) og vidare tilbake Barstaddalen.

10. Ávatnet. 568 moh. 2 poeng. Gå frå Høgebakken (bomveg) rett sørover ned og forbi eit lite vatn, vidare oppover langs ein lita elv, kryss den og gå over haugane. Du ser no koppen der Ávatnet ligg. Ta sikte på ein tydeleg rygg på venstresida av elvegjølet som kjem ned frå vatnet. Der er ein delvis tydeleg sti. Posten ligg ved osen.

11. Storekuven. 868 moh. 5 poeng. Start på Høgebakken (sætra på Nordre Vartdal). Ta sikte på å gå opp dalen mellom Kuvane. Du finn råsa til venstre for elva som kjem ned der. Følg den opp dalen til Ørstaskaret og drei nordvestover til toppen. Posten ligg i varden, god utsikt! Kan ved lite snø gå sidebratt frå Ávatnet under Storekuven(inga god rås),og dreie rundt fjellryggen og følge den til toppen.

12. Longshammaren. ca. 300 moh. 2 poeng. Start i byggefeltet Steinholen. Råsa er merka forbi eit beite og oppover skogen til ein utkiksplass opp på hammaren, der posten ligg.

13. Sæsshornet. 868 moh. 5 poeng. God blå-merka rås frå Sætre på Vartdal opp skogen forbi Risanakken til toppen, der posten ligg ved varden. Ein fin tur vidare er søraustover fjellryggen til Den Julianske Borg eller Fossholstinden.

14. Julianske Borg ved Grøthornet. ca.1000 moh. 5 poeng. Start ved ei flott informasjonstavle på Myklebust i Årsetdalen. Godt merka rås oppover fjellsida til over skoggrensa, der terrenget flatar ut. Følg råsa rett oppover til eit skilt med pil i retninga du skal gå vidare, råsa blir utydeleg til du kjem opp på fjellplataet. Gå søraustover på ei grasslette til ein stor stein, drei rett sørvest. Du ser små vardar og ein staur ved den Julianske Borg. Her ligg oftast ein snøflekk tidleg på sommaren..

15. Bjørnaskaret. 554 moh. 2 poeng. Start ved skitrekket og følg sætrevegen til endes. Følg råsa forbi dei gamle sætretuftene og vidare framover. Posten ligg litt opp og til høgre for råsa.

16. Vassdalen. ca. 370 moh. 2 poeng. Kan køyre til Årsetstøylen, eller gå den fine sætrevegen dit frå Busetlegene. Fin rås oppover til Vassdalen og til osen av vatnet det posten ligg. Fin familietur. Kan gå vidare over Vassdalskaret og ned Nupadalen i Ørsta.

17.Låghornet.ca. 733 moh. 5 poeng. Følg råsa til Vassdalen. Det er dårleg med med rås i sida mo mot Låghornet men det kan være lurt å gå litt på skrå innover før ein svinger mot målet.

18. Skorgestøylen. ca. 420 moh. 2 poeng. Bomveg til Busetsetra. God sti innover dalen til sætra i Skorgedalen. Lite stigning i flott natur, lett tur. Posten ligg i ein gamal selmur. Kan gå vidare gjennom dalen og ned i Skorgeura.

19. Levandehornet. 917 moh. 5 poeng. Fint å starte frå parkeringsplassen ved Busetsetra og gå nordvestover mot Litledalen. Før du kjem til vatnet, dreiar råsa til venstre ved eit merke og har retning mot austryggen av fjellet. Oppover ryggen går ei grei rås til toppen, der posten ligg i varden. God utsikt.

20. Hessdalen. ca.560 moh. 3 poeng. Ein fin tur til ein lite besøkt dal startar på Busetsetra (bomveg). Følg råsa som går nordvestover til Litledalen, kryss elva like nedanfor osen og drei utpå dalkanten (med flott utsikt til Årsetdalen) og vidare oppover skogen, rundt fjellryggen til du ser vatnet i Hessdalen. Gå litt ned til posten som ligg i varden ved vatnet. Kan gå vidare rundt Levandehornet over Heidane til Skorgedalen, -fin rundtur. Kan også gå frå Hessdalen til Risaskaret..

VINTERPOSTAR 1.desember 2010 til 1.mai 2011:

V1. Barstadsætra. ca 200 moh. 2 poeng. Ved snøforhold er der ofte trakka løype frå Erdalen, rundt sætra og tilbake til Barstadsida av elva, fin rundtur for familier. Dette er også ein fin tur til fots ved lite snø. Posten er ved info-tavle til Molladalen.

V2. Rotneshytta. ca.290 moh. 2 poeng. Sjå rutebeskriving over. Her ligg det ofte lite snø om vinteren og er ein fin tur til fots det meste av året. Sola kjem tidleg tilbake her om ettermiddag/kvelden!

V3. Barstadskaret. ca. 660 moh. 5 poeng. Fin skitur frå Årskogbrua på Nordre Vartdal via Høgebakken eller frå Barstadsætra opp Barstaddalen. Her skin sola nesten heile året!

V4. Høgebakken / Vartdalsætra. 419 moh. 3 poeng. Skitur fram sætrevegen frå Årskogbrua på Nordre Vartdal til sætra.

V5. Skarsætra. 356 moh. 2 poeng. Ved snøforhold er det ofte trakka løype på sætrevegen heilt fram. Parker ved skitrekket. Fin familietur. Posten er ved brua.

V6. Skorgestøylen. 420 moh. 3 poeng. Gå på ski frå Busetlegene opp sætrevegen til Skansen ved Busetsetra og vidare innover dalen til støylen. Kan vere trakka løype heile vegen.

Navn:	Fødselsår
-------	-----------

POSTANE BLIR LAGT UT: Vinterpostane 1. desember, 2-poengpostane 1. mai, 3- og 5-poengpostane etterkvart det blir snøforhold til det.

Sjå kva tid postane er utlagde på nettsida: www.vartdalsstranda.no under heimesider: Fjelltrimmen

POSTANE BLIR TATT NED: Vinterpostane 1. mai, sommarpostane 1. oktober.

SKRIV OPP DATOEN PÅ DEI POSTANE DU HAR VORE PÅ. VERT ARKET FULT KAN DU LEGGE VED EIT EIGE ARK.

	Nr.	Post	Poeng	Antall	Dato	Dato	Dato	Dato	Dato	Dato	Dato	Dato	Dato	Dato
VINTER POSTER	V1	Barstadsætra	2											
	V2	Rotneshytta	2											
	V3	Barstadskaret	5											
	V4	Høgebakken	3											
	V5	Skarsætra	2											
	V6	Skorgestøylen	3											
BARSTADVIK	1	Molladalen	5											
	2	Vollesætra	2											
	3	Romestrandhornet	5											
	4	Barstaddalen	3											
	5	Rotneshytta	2											
	6	Koppen	2											
	7	Middagshornet	5											
NORDRE VARTDAL	8	Hesteryggen	2											
	9	Storehylla	5											
	10	Ávatnet	2											
	11	Storekuven	5											
	12	Longshammaren	2											
VARTDAL	13	Sæsshornet	5											
	14	Julianske Borg	5											
	15	Bjørnaskaret	2											
	16	Vassdalsvatnet	2											
	17	Låghornet	5											
	18	Skorgestøylen	2											
	19	Levandehornet	5											
	20	Hessdalen	3											

POENG DU MÅ HA FOR Å VERE MED-BARN, tom. 15 ÅR: ALLE SOM HAR MINIMUM 20 POENG FÅR PREMIE.VAKSNE, over 16 ÅR: DEI SOM HAR MINIMUM 40 POENG BLIR MED I TREKNING AV PREMIE

GÅR DU PÅ 12 POSTAR ELLER FLEIRE FOR SESONGEN, FÅR DU ETTER 3 ÅR: BRONSE-MEDALJE 6 ÅR: SØLV-MEDALJE 10 ÅR: GULL-MEDALJE 15 ÅR: STATUETT

DELTAKARPRIS:BARN, tom. 15 ÅR:..... 40,- VAKSNE, over 16 ÅR:..... 50,- FAMILIE, (foreldre og barn).....150,-

OBS! HUGS Å LEVERE INN ARKET MED DELTAKAR-BETALINGA TIL KJELL ARNE FIKSDAL, RUNE GAMLEM ELLER LAILA HÅVOLL VARTDAL INNAN 7. NOVEMBER